



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Brødrene Sunde AS - søknad om løyve til å la eksisterande vassleidning i Spjelkavikelva bli liggjande, Ålesund kommune - høyring

Vi viser til brev 27.04.2015

Denne saka har lang historikk. Førre gong det var søknad frå Brødr. Sunde AS om å la vassleieing ligge lett synleg i elva mellom Brusdalsvatnet og Lillevatnet var 18.06.2012. Vår uttale til søknaden den gong i brev 19.06. inneheldt m.a. følgjande:
«Det er ikkje å leggje skjul på at aktuelle sak har skapt negative reaksjonar over mange år. Det har vore lite forståing frå ålmenta at ei vassleidning kan ligge lett synleg i elva i det naturskjønne området frå Brusdalsvatnet mot Lillevatnet. Spjelkavikvassdraget er det viktigaste anadrome vassdraget i Ålesund kommune med rikt biologisk mangfald og laks og sjøaure som karakterarter. Forvaltninga ved Fylkesmannen, Direktoratet for naturforvaltning, Universitetet i Oslo og lokale organisasjonar har investert mykje i å etablere ei berekraftig forvaltning av dei naturgjevne ressursane i området. Dette grønne naturområde nær urbaniserte område tilbyr eit rikt friluftsliv for mange i ordets breie forstand.»

Vidare finn vi grunn til å trekkje fram frå vår fråsegn:

«Vi er til fulle samde med NVE si tilråding og stor framlegget om nedgraving av vassleidninga på land. I ei tid med auka fokus på forvaltning av anadrome vassdrag, biologiske mangfald og rikt friluftsliv nær befolkningstette område, kan det ikkje vere ei berekraftig løysing framleis å ha leidninga i elva.»

Vår vurdering

Vi har ikkje endra syn i saka. Vi viser til vår tidlegare uttale og vil igjen frårå at aktuelle vassleieing skal ligge lett synleg i elva mellom Brusdalsvatnet og Lillevatnet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Leif Magnus Sættem

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:

Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM